



# MIDDAGSKJERRINGÅ

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** 1,5-2 timar

**Passar for:** Familietur

**Parkering:** Langs vegen mellom Lysebotn og Sirdal, der stien startar eller på nærmaste møteplass.

**Kartblad:** 1313II: Lysekammen

**Verd å merka seg:** For køyrande frå Lysebotn ligg stien på venstre side eit lite stykke etter at nedkøyringa mot Sirdal har starta.



Foto: Torkjel Solbraa

## OM TUREN

Frå skiltet ved vegen går stien på vestsida av to fjellvatn. Ruta følgjer dei naturlege vegvala i det småkuperte landskapet, så det går greitt å finna fram. Etter dei to fjellvatna følgjer stien terrenget rundt knausen på venstre hand og inn i eit nordvendt dalsøkk. Bakanfor ligg no Venekvævtjørna, medan eit karakteristisk fjell utan namn på om lag 900 moh ligg føre ein på austsida. Ruta følgjer dalsøkket nordover heilt til terrenget byrjar å gå nedover mot Lyse. Eit skilt kor det står Middagskjerringå er plassert der det verkeleg vert bratt, og dette er målet for turen. Frå skiltet er det ei svært særeigen utsikt ned Middagsjuvet mot Lyse, med den karakteristiske "pilaren" Middagskjerringå ruvande midt i framgrunnen. Bakanfor ser ein gardane på Lyse om lag 700 meter under seg. Retur same vegen.

## Kulturhistorie

Frå gammalt av brukte gardane posisjonen til sola som rettvisar for daglege gjeremål, så også på Lysegardane. Namnet Middagsjuvet og Middagskjerringå kjem av at det var middagstid på Lysegardane når sola stod over juvet. Som namnet seier vart middagen servert midt på dagen, altså klokka tolv.



